

Årsrapport for Vikøy sokneråd 2021

Samansetnaden av Vikøy sokneråd:

Ingvill Sørheim (leiar)
Astrid Helleve Fylkesnes (nestleiar)
Solfrid Storaker Lindøy (skrivar)
Eimund Solsvik (kasserar)
Helga Sørhus
Trude Vestbø
Ingegjerd Pedersen Lid
Oddbjørn Vestbøstad (frå 1. august 2020)

Varamedlemmer:

1. Elin Vestbøstad

Arbeidsutval:

Arbeidsutvalet for soknerådet har vore samansett av sokneprest, leiar og nestleiar. Kasserar vert kalla inn ved behov.

Soknerådet sine representantar i Kvam kyrkjelege fellelråd

Ingvill Sørheim – Personleg vara: Eimund Solsvik
Astrid Helleve Fylkesnes – Personleg vara: Trude Vestbø

Andre faste oppgåver 2021

Kjøkkenansvarleg: Berit Skutlaberg. Ho held fram vidare.
Soknerådet sin representant i Føremiddagstreffet: Eimund Solsvik og Helga Synnøve Sørhus
Kontaktpersonar for Kirkens Nødhjelp: Ingvill Sørheim
Bibelkontakt for soknerådet: Ingen fast representant.
Soknerådet sin representant i representantskapet til Kirkens SOS Bjørgvin: Ingvill Sørheim

Soknerådet sitt arbeid:

Soknerådet har hatt 6 (7) soknerådsmøte og 6 (7) arbeidsutvalsmøte i 2021. Grunna koronapandemien blei kyrkjelyden sitt årsmøte i mars avlyst, men årsmeldinga kunne lesast og lastast ned frå heimesida til kyrkja i Kvam. Ein kortversjon vart også publisert i kyrkjebladet.

52 (44) små og store saker er blitt handsama. Av viktige saker kan nemnast:

Årsmelding og rekneskap
Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden/trusopplæringa
Offersøknader



Koronarestriksjonar og arrangement som har gått ut under pandemien
Gudstenester under pandemien
Tilstellingar (t.d. konfirmantfesten)
Rekruttering av nye frivillig
Føremiddagstreff
Temakveldar
Høyringsfråsegn om kyrkjeleg organisering

I 2021 har ein forsøkt å halde fram med dei trusopplæringstiltaka som har vore etablert nokre år no. Grunna koronasituasjonen og menneskessituasjonen har nokre av tiltaka gått ut både på våren og på hausten. Trusopplæringsplanen er ambisiøs med tiltak i alle årsklassar. Slik ressursituasjonen har vore i 2021 har ein ikkje kapasitet til å sette i gang med fleire nye tiltak utan at det vert gjeve meir tilskot i form av større stillingar eller meir frivillig hjelp for at dette skal gå opp.

Tilsette/staben i Vikøy sokn:

Kyrkjeverje/dagleg leiar: Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland
Økonomikonsulent/kyrkjetenar: Olav S. Lid (01.01.2021-01.04.21)
Sakshandsamar: Anne Kari Sørheim
Sokneprest: Roar Strømme
Kateket: Mampion Andriamandimby
Eivind Daniel Røed: trusopplærar/konfirmantleiar i Vikøy og i Øystese sokn
Kyrkjelydspedagog: Solveig Lønning Sangolt
Vikarar i trusopplæringa: Marta Bergesen Gravdal, Bryna Opdal
Organistar: Margrete Lid Kjosås og Sevinj Asgarova Øvrehus
Kyrkjetenar: Franckie Mario Andrianaivo og Bjørn Kåre Thorvaldsen
Arbeidsleiar på kyrkjegarden: Heine Ugletveit

Frivillige medarbeidarar (frivillige innanfor diakoni og sundagsskule er omtalt seinare):

Om lag 70 personar deltek med frivillig arbeid i kyrkja. Rundt 30 (30) personar har gjort teneste som medhjelpar eller kyrkjevert i samband med gudstenestene.

Fleire har delteke med song og musikk.

Heidi Helgheim teke ansvar for fleire minnesamvær i kyrkjelydssalen. Solveig Norheim og Anne Margrete Norheim har hatt ansvar for å dekke til nokre av desse samværa.

Ein person har teke på seg å ordna med blom på altaret i Norheimsund kyrkje på høgtidsdagar.

To personar hengjer opp plakatar i Norheimsund og Vikøy når det er gudstenester.

Arbeidet i kyrkjelyden (2020-tal står i parentes)

Det blei halde 44 (43) gudstenester på vanlege sundagar og heilagdaggar med til saman 2918 (2085) personar til stades. I samband med sundagsgudstenetene har det tidvis vore eigne dåpsgudstenester, noko som gjer at tale på gudstenester ligg høgt. I 2021 var det i tillegg 27

digitale produksjonar, mellom anna nokre gudstenester og noko kalla «Mot helg». Det har vore halde 9 gudstenester utanom sundagar og helgedagar med 216 (208) personar til stades. Prestane held også jamleg andaktar på institusjon eller aldersheimar. Til saman utgjer dette 53 gudstenester totalt med eit oppmøte på 3134 (2293) personar. Me veit at talet på frammøtte har variert alt etter kor mange ein har hatt lov til å samle og korleis smitteutviklinga har vore nasjonalt og lokalt. På julaftan hadde ein t.d. 4 gudstenester med om lag 50 på kvar. Dette ligg klart under det ein har vore vane med før pandemien starta. Ein ser likevel at talet på gudstenester har auka i 2021 samanlikna med 2020, og det same har talet på deltakarar på dei ulike gudstenestene gjort. Såleis har dette vore ei gledeleg utvikling samanlikna med 2020 der fleire fysiske gudstenester vart avlyste og erstatta av digitale gudstenester.

22 (25) er blitt døypte, og 31 (28) ungdommar blei konfirmerte i 2021. 3 (5) par er blitt vigde, og 30 (33) personar er blitt gravlagde. Ein ser stort sett at tala på døypte og gravlagde held seg stabile, medan talet på vigde har gått tydeleg ned etter at pandemien starta. Vonleg vil dette at seg opp att når pandemien er over.

På vårparten 2021 hadde Vikøy Sokneråd også «Open kyrkje» åtte sundagar kl. 18-20 dei sundagane det ikkje var gudsteneste. Her kunne folk kome å tenne lys, be og vere stille.

Også 10-årsmarkeringa for 22. juli vart markert på dagen med eige gudsteneste. Her deltok mellom anna ordføraren i Kvam og leiaren i Kvam AUF.

Trusopplæringa

I samband med dåp har presten dåpssamtale med alle som døyper borna sine.

Både vår og haust 2021 arrangerte kyrkjelyden babysong og småbarnstreff (1-6 år). Ein har ikkje noko konkret tal på deltakarar på småbarnstreff, men totalt deltok 35 på babysong (9 om våren og 21 om hausten). Av desse 35 var 21 frå Vikøy sokn. Babysong er eit tiltak for heile Kvam. På vårparten kom 19 av 25 3-åringar på «Krølletreff» (75% av borna i målgruppa), og 17 av 28 4-åringar (61 %) kom på familiegudsteneste og takka ja til boka si. 18 av 29 barn (62 %) fekk utdelt 6-årsboka ved skulestart. På kyrkjekinoen i mars kom det 22 av 41 inviterte (53%). Legoklubben vart ikkje arrangert i 2021 grunna mangel på mannskap.

Hausten 2021 klarte ein å arrangere vennefesten 31. oktober. I staden for å samle born og foreldre inne i kyrkja laga eit til eit flott opplegg ute. Også veret spelte på lag, og det blei ein flott ettermiddag/kveld for dei frammøtte. Trusopplæringstiltaket Lys vaken blei avlyst grunna mannskapssituasjonen.

Sundagsskulen sitt arbeid «Sprell levande» har også vore hardt råka av koronasituasjonen og noko mangel på mannskap/frivillige. I løpet av 2021 har ein hatt 2 samlingar på sundagsskulen med om lag 25 deltakarar. Heldigvis fekk ein halde Lucia-feiringa slik ein har brukt å ha henne sundagen før Lucia-dagen. Borna fekk møtast i kyrkjelydssalen til ei koseleg stund med aktivitetar og lussekattar.

Me nemner også spesielt kateketen og kyrkjelydspedagogen sitt arbeid i møte med barnehage og skule. I 2021 var 10 barnehagegrupper på besøk i Norheimsund kyrkje. Kateketen var på besøk i tre barnehageavdelingar på julesamling: 2 avdelingar i Norheimsund barnehage og ei avdeling i Tørvikbygd barnehage. 6 (4) skuleklassar har vore på besøk i kyrkja. Skulegudstenesta før jul blei gjort digital. Norheimsund Friskule deltok med julespel, song og musikk på denne i tillegg til soknepresten og organisten. Skulegudstenesta vart vist på Norheimsund skule og på Friskulen. Tørvikbygd skule hadde eigen skulegudsteneste før jul i Tørvikbygd bedehus.

I soknet blir det elles drive mykje godt barne- og ungdomsarbeid. Her vil ein spesielt trekkje fram Origo, Junior-Ving, Kraft RC, Kreare og barnekoret Shine i tillegg til Norheimsund og Øystese Ungdomskor. Shine deltok på familiegudstenesta i oktober, medan Ungdomskoret deltok på Lysmessa 1. søndag i advent. Denne gudstenesta samla svært mange folk og er ei flott markering av starten på adventstida.

Skuleåret 2020-2021 hadde Vikøy sokn 31 konfirmantar. Konfirmantane møttest jamleg frå september til mars til undervisningsøkter i Norheimsund kyrkje. Grunna pandemien har ikkje konfirmantane vore på konfirmantleir slik ein har vore vane med tidlegare. I tillegg har konfirmantane møtt på sju gudstenester i løpet av konfirmasjonstida, samtalegudsteneste og konfirmasjon medrekna. Også i 2021 vart sjølve konfirmasjonen utsett til september. Denne gjekk av stabelen som planlagt då, og ein gjennomførde to gudstenester slik at det skulle bli plass til dei som ville kome. Konfirmantane og foreldra deira fekk også ein eigen konfirmantfest kort tid før sjølve konfirmasjonen. Soknerådet stelte i stand ei triveleg samling i kyrkjelydssalen med middag og enkel underhaldning.

Som nemnt innleiingsvis er «Trusopplæringsplanen» for barn og unge i alderen 0-18 år ambisiøs og omfattande. Ein har såleis stort sett halde seg til dei arrangementa ein har hatt ei stund og som ein har god erfaring med.

Diakonalt arbeid

Grunna pandemien har også «Føremiddagstreffet» vore litt i «dvale» siste året. Heldigvis fekk ein til 3 samlingar i haust. I komiteen sit mellom anna Eimund Solsvik og Helga Synnøve Sørhus. Nye «Føremiddagstreff» ser me altså fram til i 2022.

I samband med gudstenesta fastelavenssundag, der Kyrkjeklubben deltek, har kyrkja i samarbeid med kommunen sendt ut brev med personleg invitasjon. Ca. 40 personar deltok. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi med fastelavnsbollar.

Dei som hadde mista nokon siste året, vart spesielt inviterte til gudsteneste helgemessesøndag i Norheimsund kyrkje fordi det er større plass i denne kyrkja med tanke på smittevernreglar. Mange hadde møtt opp for å vere med på denne gudstenesta som hadde karakter av både helgemesse og minnegudsteneste.

Fleire torsdagar hausten 2021 har det vore samlingar for nye i Kvam gjennom KIA (Kristent

interkulturelt arbeid) med Håkon Berge i spissen. Samlingane har vore i Norheimsund kyrkje på ettermiddagstid.

Kyrkjeklubben

I 2021 måtte Kyrkjeklubben ta ein pause med dei månadlege, fysiske samlingane under nedstenginga på vårparten. Men fleire medlemmer var med på produsere «mini-gudstenester» digitalt, og ei av desse vart send på det nasjonale nettet til kyrkja. Frå sommaren fekk ein ta til att med fysiske samlingar, og det har vore god oppslutnad.

Temakveldar

I haust arrangerte soknerådet to temakveldar om Hans Nielsen Hauge. Den eine var ein kåserikonsert ved Frode Skag Storheim. Det andre var eit samarbeid med Norheimsund og Øystese Indremisjon og Øystese sokneråd om framsyninga «Haugespor» med Ryfylket Livsgnist. Begge gongane fekk me som publikum ta del i kven Hauge var og kva tyding han har hatt i samtida si og for ettertida. Dei andre planlagde temakveldane blir utsett til 2022.

Kyrkjeringar

Tolo kyrkjering (møtestad på dåpsrommet) har 5 (5) medlemmer. Kyrkjeringen har som før spesiell omsorg for kyrkja både økonomisk og i bøn.

Misjonsarbeid

Ulike misjonsorganisasjonar er representerte med foreiningar og anna verksemd i soknet vårt. Kyrkjelyden støttar arbeidet med kyrkjeofringar og forbøn. Soknerådet har ein samarbeidsavtale, SMM-avtale, med HimalPartner. Me har forplikta oss til å orientera om og be for arbeidet dei driv. Kyrkjelyden vil spesielt hugsa på misjonærar som er ute for HimalPartner. I tillegg har ein jamleg orientering om arbeidet HimalPartner driv gjennom Kyrkjelydsbladet og at Ragnhild og Tore Skeie orienterer frå misjonsarbeidet på gudstenester. Minst ei gudsteneste i året skal vere ei misjongsudsteneste. Minst fire gonger i året blir det teke opp takkoffer til HimalPartner. Me er takksame for dei midla som vert samla inn og som me ser blir nytta til ulike tiltak som HimalPartner støttar.

Konsertar

Det har vore 2 (9) konsertar med ulike eksterne arrangørar i kyrkjene våre i 2020. Totalt har konsertane samla 299 (1432) tilhøyrarar. I tillegg har det vore halde 3 (3) konsertar/musikkandaktar i regi av kyrkjelyden med 123 (552) tilhøyrarar.

Kyrkjeblad for Kvam

Kyrkjebladet dekkjer Vikøy, Øystese og Ålvik sokn. Sokneprest Lars Arne Vik er redaktør. Redaksjonsnemnda består av redaktør og ein representant frå kvart sokn, frå Vikøy har det vore Elin Vestbøstad, frå Øystese Benedicte Kofoed og Jannike Dahle Augestad frå Ålvik.

Kyrkjebladet kjem ut med 4 nr i året. Gåve-/frivillig abonnement er den viktigaste inntektskjelda til bladet i tillegg til nokre annonser.

Kyrkjebladet vil gjerne spegle av det som skjer i kyrkja i dekningsområdet, og i underkant av 4000 blad vert trykte og distribuerte for kvart nummer. Soknerådet vil få takke for den jobben redaktøren og redaksjonsnemnda har gjort for å gje lesarane i bygdene våre eit blad mange set pris på.

Soknerådet sin økonomi

Soknerådet sin økonomi er stabil. Rekneskapen syner stor nedgang i offer til andre organisasjonar/fasteaksjonen, men også ein nedgang i offer til eige arbeid. Dette heng truleg saman med koronasituasjonen der ein i periodar stort sett berre har kunna nytta digitale betalingsmåtar i tillegg til at det kjem inn mindre pengar når ein har digitale gudstenester og færre generelt er på gudstenester. Utgiftene har også gått ned, t.d. til møte og tilstellingar. Rekneskapen for 2021 gjev eit lite overskot på kr. 7442.

Kort oppsummering

2021 har også vore eit år prega av pandemi. I periodar har ein hatt restriksjonar og avlysing av planlagde arrangement, medan andre gonger har ein kunna gjennomføre som planlagt. Likevel kjenner ein at desse to åra med pandemi har vore utfordrande både for staben, soknerådet og mange frivillige. Det tærer på å planlegge, utsetje og avlyse. Gleda er desto større når ein har fått gjennomført, og ein kjenner at det å samlast og å vere saman fysisk på gudstenester og føremiddagstreff, til konfirmantundervisning og filmkveld, på temakveldar og Venne-fest understrekar kor viktig fellesskap er for oss. Etter pandemien er me no inne i ein fase der ein også kan og må tenkje nytt – ein slags restart etter covid-19. I det nye året er dette noko soknerådet ynskjer å ta tak i.

Norheimsund, 25. mars 2022

For Vikøy sokneråd,
Ingvill Sørheim (leiar)